

Vestnes kommune  
Rådhuset  
6390 VESTNES

**Vår dato:** 29.08.2022  
**Vår ref.:** 202116214-6 Oppgi ved kontakt  
**Dykker ref.:** PLAN-21/00303-13

**Sakshandsamar:** Ole-Jakob Sande,  
22959545, ojs@nve.no

## **NVE sin uttale til høyring og offentleg ettersyn av framlegg til reguleringsplan for Vågstranda skytebane i Vestnes kommune**

Vi viser til brev datert 22.06.2022. Saka gjeld offentleg ettersyn av framlegg til reguleringsplan for Vågstranda skytebane i Vestnes kommune. Føremålet med planarbeidet er å fastsette arealbruken for skytebaneområdet med tilhørende føresegner, samt etablere grunnlag for ekspropriasjon av grunnen.

### **Om NVE**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strok (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

### **NVE sin konkrete uttale**

NVE ga innspel til planarbeidet i brev datert 29.11.2021. Der peika vi på omsyn til vassdragsmiljøet og vurdering av fare for flaum og erosjon som relevante tema i planarbeidet.

#### *Vassdragsmiljø*

Littlelva renn gjennom planområdet og arealet som er føreslede regulert til skytebane (BSK1). Så langt vi kan sjå opnar ikkje planen for nye tiltak i eller langs vassdraget, og det er regulert omsynssone *Bevaring naturmiljø* (H560) i ei sone på 5 m på kvar side av vassdraget. I tilhørende føresegn § 5.2 er det sett krav til å sikre kantvegetasjon langs vassdraget, og opna for å fjerne vegetasjon som kan være til hinder for sikt i skytefeltet.

NVE rår til å nytte arealbrukskategorien *Bruk og vern av sjø og vassdrag* med til dømes underkategorien *Natur og friluftsliv* til å synleggjere vassdraget i plankartet.



## *Flaum og erosjon*

I framlegget til plankart er det regulert omsynssone *Flaumfare H320* basert på aktsemdeskart for flaum, jf. [NVE Atlas](#). På generelt grunnlag viser vi til at aktsemdeskartet ikke viser om det er reell fare for flaum. Sidan planen ikkje opnar for utbygging i form av tiltak som er omfatta av tryggleikskrava i byggteknisk forskrift (TEK17) i dette området, har ikke NVE merknader til at den reelle faren for flaum og erosjon ikkje er avklara.

## **Meir informasjon**

De finn mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. Vår uttale i saka er nødvendigvis ikke uttømmande. For å få ei fullstendig oversikt viser vi til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#), som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de har spørsmål, eller det er noko i denne uttalen som er uklart, kan de ta kontakt pr. telefon eller e-post.

## **Kommunen sitt ansvar**

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller motsegn til saka.

Med helsing

Øyvind Leirset  
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande  
Senioringeniør

*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.*

## **Mottakarar:**

Vestnes kommune

## **Kopimottakarar:**

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL  
Møre og Romsdal fylkeskommune